



Geir Rusten satsar påny i Uskedalen.

Geir Rusten, den ustoppelige gründer frå Sandvoll, er framleis like entusiastisk på vegne av Uskedalen. Han slår fast at bygda ligg midt i løypa og satsar på prosjektet på Eikelandet 7 år etter at andre lanserte det. Rusten bygde ut Uskedalen Brygge med 20 leilegheiter. Når 2013 er omme, skal 8 hus stå klare som Eikelandet Brygge



Materiala ligg klare på Eikelandet

Førebels har han ikkje selt eit einaste hus, men er ikkje engsteleg av den grunn. Ikkje berre har han tru på interesse frå stader som Stavanger og Bergen, men også frå lokale bebuarar som finn husa interessante for gradvis utnytting. Han har registrert stor interesse for prosjektet som han skal byggja ut i 2 etappar med 4 hus i kvart. Dei 4 første husa skal vera under tak til påske og dei 4 neste til nyttår. Jobben vert gjort av 4 flinke karar – 2 frå Estland og 2 frå Litauen – som har vore Rusten sine trufaste medarbeidarar i mange år.

Kva finansieringa angår er det DNB som står bak, men det vert også opna for husbankfinansiering. Etter ein omorganisering er det Rustens heileigde selskap Vevos Entreprenør som er byggherre.

Det er grunn til å tru at formen på husa var ein ulempe for marknadsføringa tidlegare.

No er imidlertid funkis endra til sjøhusstil og Rusten hartru på husa i sin nye form. Dei får raud takstein og kvit kledning og vert i 2½ høgda med ein hems på toppen.

Alle husa får carport og sportsbod men framfor alt vert dei retta mot fjorden med eigen kai og bryggje. Det vert uteliggjarar til alle og kvar bebuar får 8 meter å boltra seg på.

* I fyrste høgda vert det stove, kjøken (openløysing), eitt soverom, bad, entre, utgang kai/brygge tilrettelagd for livslangstandard

* I andre høgda vert det stove med møna himling (glas heilt opp), 2 soverom og bad, utgang til stor terrasse som går mellom husa.

* På toppen finn ein hems som kan utnyttast på ymse vis,

til dømes til soverom

Alt i alt eit spennande prosjekt med ein unik plassering ved fjorden.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



[Geir Rusten ved Uskedalen Brygge i 2006](#)